

# Nye Vedtekter

## Ogna Elveigarlag

(Justert på årsmøtet februar 2015)

Ogna Elveigarlag, her kalla laget, er eit sameige med fiskerettshavere i den delen av Ogna vassdraget med sidevassdrag som fører anadrome laksefisk. Laget omfatter alle eiendommer i Hå kommune med fiskerett i Ogna elva. Rettighetshavere som ligg i øvre del av elva i Bjerkreim kommune (f.eks. Gravdal og Ognedal) kan og vera medlem i laget, dersom dei sjøl har ynskje om det.

Eiendommene ligg i geografisk fellesskap, kor det ikkje er rettsleg grunna sambruk mellom eiendommene. Fiskerettane utgjør likevel eit geografisk fellesskap kor alle rettighetshavere meir eller mindre er avhengig av kvarandre sine disposisjonar. Den enkelte rettighetshaver har dermed interesser (og ansvar) utover sitt eige fiskeområde. Det som eiges i fellesskap er råderetten over fiskeressursane i vassdraget.

### 1. FORMÅL

Lagets formål er å arbeide for ei sunn og god utvikling av lakse- og sjøaurebestanden i Ogna elva slik at fiskeressursane kan utnyttast på ein berekraftig måte av rettighetshaverne. Laget er organisert i henhold til bestemmelsene i Forskrift om pliktig organisering og drift av vassdrag med anadrome laksefisk og skal ivareta de lovpålagte forvaltningsoppgavene gitt i Laks- og innlandsfiskeoven med tilhørende forskrifter.

Laget er eit tingrettsleg sameige og har delt, ubegrensa ansvar i samsvar med andelen i laget (proratarisk ansvar).

### 2 . MEDLEMMER

Alle som har hjemmel til fiskerett i Ogna elva (Hå kommune) er medlem av laget. Medlemmene betaler ein årskontingent som fastsettes av årsmøtet.

### 3. ANDELER

Alle med fiskerett innenfor det området som er definert i §2, er med i laget og må følge vedtak som vert gjort. Det er ikkje muleg å melde seg ut av laget, med mindre fiskeretten selges. Ved alle eiendomsoverdragelser skal tidligare eigar rapportere navn og adresse på ny eigar til laget.

Dersom ein eigeom blir delt, og den fradelte parsellen får fiskerett, blir den fradelte eigedommen automatisk med i laget. Størrelsen på andelen må avtales mellom kjøper og selger og rapporteres omgående av selger til laget. Hovedbruket sin andel skal i tilfelle reduserast tilsvarande.

Andelene i laget er berekna med utgangspunkt i fangstfordeling siste 5 år.

Andelsfordelingen skal vurderast på nytt kvart 10. år. Laget kan i særskilte tilfeller revidere andelsfastsettingen kvart tredje år. Særskilte tilfeller er når det har skjedd store endringer i fordeling av fangsten rettighetshaverne i mellom, eller at elva har endret løp.

Andelsfordelingen er gitt i Vedlegg A. Vedlegget skal oppdateres når ny vurdering er gjennomført.

#### 4. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal holdes innen 15.mars kvart år. Årsmøtet innkalles av styret. Innkalling til årsmøte skal skje skriftleg til medlemmane minst tre veker før årsmøtet.

Saker som medlemmene vil ha behandla på årsmøtet, må sendes skriftlig til styret minst 2 veker før møtet. Styret informerer medlemmane om innkomne forslag seinast 1 veke før årsmøtet. Dersom eit av medlemmene krev det, skal stemmegivning vera skriftleg. . Det kan bare fattes vedtak i saker som er nevnt i innkallinga.

#### ÅRSMØTET SKAL:

- VELGE MØTELEDER
- VELGE TO TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLL
- BEHANDLE ÅRSMELDING OG REGNSKAP
- BEHANDLE INNKOMNE FORSLAG
- FASTSETTE ÅRSKONTINGENT
- VURDERA ANDELSFORDELING ihht PARAGRAF 3
- VELGE LEIAR FOR LAGET KVART ÅR
- VELGE SEKRETÆR KVART ANDRE ÅR
- VELGE KASSERER KVART ANDRE ÅR.
- VELGE VALGKOMITE PÅ TO MEDLEMMER, KVART ÅR .
- VELGE TO REVISORER

Det enkelte vedtak på årsmøtet blir avgjort med vanlig fleirtal (simpelt relativt fleirtal) mellom dei framømte. Ved avstemming og valg har kvart medlem stemmetall etter andel. Dersom alle dei framømte er enige om det, kan avstemming skje ved at kvart medlem har ein stemme. Ved skriftlig avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgitt. Likt stemmetall ved valg blir avgjort ved loddtrekning. Ved avstemming for øvrig har møteleder dobbeltstemme. Medlemmer kan møte ved fullmektig. Fullmektig skal legge fram skriftleg og datert fullmakt.

Flertallsvedtak må ikkje påføre noko medlem større kostnader og ulempe, enn nytte. Vedtaket må heller ikkje føre med seg usakleg forskjell mellom rettane til fleirtalet og mindretalet, eller gje urimelege fordelar for fleirtalet til skade for mindretalet. Ved endringer av fiskeregler skal alle medlemmar så langt

som muleg, rammast relativt likt. Medlem som meiner vedtak er i strid med desse forutsetningane, kan bringe saken opp for rettsleg skjønn.

## 5. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Styret skal innkalle til ekstraordinært årsmøte når styret eller minst 1/3 av lagets medlemmer forlanger det. Ekstraordinært årsmøte skal innkalles med minst to vekers varsel. Sakliste skal følge innkallinga. Det kan bare fattes vedtak i saker som er nevnt i innkallinga.

## 6. MEDLEMSMØTER

Medlemsmøter avholdes når styret finner det nødvendig. Det skal sendes ut skriftlig innkalling med sakliste.

## 7. STYRET

Laget ledes av eit styre på 3 medlem: Leiar, sekretær og kasserar. Styret er beslutningsdyktig når alle er tilstades. Styret skal føre møtebok frå alle møter i laget.

Styret skal legge fram Årsmelding og Regnskap for årsmøtet. Styret skal lede laget i henhold til vedtekter og vedtak som er gjort på årsmøtet eller medlemsmøter.

LEIAREN har fylgjande oppgaver :

- Lede alle møter, dersom ikkje anna er fastsatt.
- Vera laget sin talsmann til blant annet det offentlige, organisasjoner, media osv.
- Vera den daglige leder av laget

SEKRETÆREN skal føre protokoll fra alle styremøter, medlemsmøter og årsmøte.

KASSERAREN skal føre regnskap for laget, foreta alle utbetalinger, kreve inn årskontingenten og føre medlemslister.

## 8. SAMARBEID MED ANDRE

Laget bør arbeide aktivt for et godt samarbeid med det offentlige, organisasjoner og lag.

## 9. ARBEIDSÅR OG FORPLIKTING

Regnskaps- og arbeidsår følger kalenderåret. Laget forpliktes av leiar saman med eit styremedlem.

## 10. ENDRINGER AV VEDTEKTER

Endring av desse vedtekter kan bare foretas på ordinære eller ekstraordinære årsmøte, og evt endring krev 3/4 fleirtal blant dei frammøtte.

Desse vedtektene er vedtatt på årsmøte 2015 og erstatter tidligare vedtekter for Ognå Elveigarlag.

**Vedlegg A** til vedtekter for Oгна Elveigarlag – Andeler i laget.

<b>Andelar Oгна Elveigarlag - 2015</b>				
<b>Vald</b>	<b>Navn</b>	<b>Andel</b>	<b>Fødselsdato</b>	<b>Org. Nummer</b>
Oгна Gard	Norunn Irene Hegrestad	12 %	21.04.1944	
Oгна Gard	Hilde Skjørestad	12 %	09.10.1960	
Oгна Gard	Sigmund Olsen	12 %	19.11.1958	
Hølland	Tore Arne Sundvor	8 %	15.11.1964	
Hølland	Gudrun Hølland	8 %	25.09.1929	
Hølland	Odd Rune Hølland	8 %	05.08.1963	
Lindtjørn	Marit L. Apneseth	4 %	07.05.1945	
Lindtjørn	Hallvard Hegrestad	4 %	14.01.1976	
Hiorth	Hans A Hiorth	8 %	17.06.1950	
Ualand	Jæren Skoglag	15 %		<b>816841542</b>
Øvrabø	Steinar Omdahl	4 %	10.05.1957	
Gravdal	Rolf Gravdal	5 %	26.02.1964	
		100 %		

Bestemt ved godkjenning av nye vedtekter februar 2015.

Neste ordinære nyvurdering av andeler vert i februar 2025.